

HØYRINGSSVÅR

TIL

FRAMLEGG TIL NY KYRKJEORDNING FRÅ KYRKJERÅDET, HAUSTEN 2018.

Stårheim Sokneråd viser til høyringsbrevet m/vedlegg av 20. september 2018 der framlegg til ny kyrkjeordning vert sendt på høyring med høyringsfrist 15. desember 2018.

Vi vil gje slik uttale til framlegget:

Stårheim Sokneråd stør i hovudsak framlegget om å vidareføre hovudtrekka i dagens ansvars- og oppgåvefordeling i Den Norske Kyrkja vert førte vidare. Men då vi enno ikkje kjenner omfang og innhald av den komande lova om Trus- og Livssynssamfunn vil vi peike på at det enno ikkje er avklart kva som vil høyre til Den Norske Kyrkja i ny trussamfunnslov, og kva som vil inngå i kyrkjeordning vedteke av Kyrkjemøtet. Det kan difor bli naudsynt med revisjon av kyrkjeordninga når trussamfunnslova er vedteken.

Kapittel 1. Den Norske Kyrkja sitt grunnlag

Her er vi positive til at det no vert etablert ei «Grunnlov» for Kyrkja i Noreg. Både innhald og særlege krav til evt. endringar (§50) understrekar at dette er Kyrkja si plattform.

Kapittel 2. Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sine organ, medlemskap, kyrkjelege register og kyrkjeleg stemmerett.

§11. Tilhøyrslø og medlemskap.

I fjerde ledd om inn- og utmeldingar står det: «Den som vil melde seg inn eller ut av Den Norske Kyrkja tek kontakt med prest med ansvar for inn- og utmeldingar i vedkomande sokn.»

I dagens ordning er det kyrkjeleg fellestråd som er ansvarleg for handsaming av lokalt medlemsregister. Rolla som kyrkjebokførar er difor betydeleg endra i høve til tidlegare – og vi ser ikkje at det er nødvendig å knyte denne til ein bestemt stillingskategori. Vi føreslår difor at dagens ordlyd vert vidareført i ny kyrkjeordning: «*Innmelding i, og utmelding av, Den Norske Kyrkja skjer ved å vende seg til kyrkjebokførar i bustadsoknet eller til Kyrkjerådet.*»

Kapittel 4. Kyrkjer

Omtalen av kyrkjebygga som ein finn i dagens kyrkjelov vert no vidareført i framlegget til ny kyrkjordning. Dette er vi positive til – men vil peike på at dette også medfører at grunnlaget for dagens forvaltningsregime av kyrkjebygga som kulturminne (t.d. listeføring) ikkje lenger

er til stades.

Riksantikvaren har på si side lagt fram eit omfattande forslag til freding av kyrkjer som også medfører ei sterkare statleg styring over kyrkjebygga.

Vi meiner det er svært viktig å oppretthalde det lokale soknet sitt ansvar for og mynde over kyrkjebygga. *Vi ynskjer difor at kyrkjebygga i Noreg får ei særskild regulering enten i den komande Trussamfunnslova eller i Kulturminnelova.*

Kapittel 6. Ymse føresegner

Her er vi positive til at Forvaltningslov, Offentlegheitslov og reglar om offentlege organ i Arkivlova skal gjelde for verksemda som vert driven i og av kyrkjelege organ (§49)

(høyringsvaret vedteke i soknerådsmøte 07.12.2028)